

Til

Skår 02.08.2020

Alver kommune

Postboks 4,


5906 Frekhaug

[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

## Innspel/ merknad til Lerøy Vest AS sin søknad om å leggje eit lukka/semilukka anlegg ved Bjørsvik (Skårabogen) i Alver kommune, Vestland.

### Bakgrunn

Vi er eigarar av gardane på Skår, gnr 229 bruk nr 1 og 2 som grenser til området der det omsøkte anlegget ligg. Gardane på Skår har rett til å fiske laks på Skårabogen, Brennstø og Skjæret, sjå kartet. Retten til å fiska med faststående redskap etter laks på Skårabogen er knytta til våre eigedommar. Fiske etter laks har vore drive her i fleire århundre. Skårabogen er kjent for å vera ein god lakseplass. Retten til å driva laksefiske har tidlegare også vore leigd ut til andre når eigarane ikkje sjølve har brukt denne retten. På grunn av den sterke nedgangen av bestanden er vill-laksen i dag freda i høgsesongen for vandringa. Sidan 1992 har vi bidratt med å fanga rømt oppdretts laks/ regnbogeaure på våre fiskeplassar utanfor høgsesongen for laksen si vandring. I dei åra vi har fiska må vi levere fangstrapport til Statistisk sentralbyrå (SSB) for registrering etter avslutta fiske. I rapporten må vi bl.a. oppgje om det er vill-laks eller rømt oppdretts laks vi har fanga, samt størrelsen på fisken. Dette for å gje ein oversikt over bestanden av laks i Osterfjorden. Når området vert opna att for vanleg fiske etter vill-laks langs vår strandlinje, vil vi ta opp att dette fisket i samsvar med dei fiskerettane gardane våre har.




### SKÅRABOGEN OVERSIKT OVER VILL-LAKSEN SITT VANDRINGSMØNSTER

Bakgrunn:  
Utsnitt frå gjeldande kommuneplan  
for Lindås kommune

- LAKSEPLASSAR
  - BOGEN
  - BRENNSTØ
  - SKJÆRET
- LANDEMERKE (bekk)
  - LOMMABEKKEN
- VANDRINGSROUTE FOR VILL LAKSEN
- AKVAKULUR

Skår april 2012

Det framgår av fortøyningsskisse i søknaden at ankringspunkt for anlegget går utover det arealet som er avsett til akvakultur i kommuneplanen, sjå kartet nedanfor. Dette kartet er ikkje vedlagt dokumenta som er lagt ut til høyringa, men det er vedlagt søknaden til Alver kommune.



## Merknader/ innspel

Det framgår av fortøyningsskissa at våre eigedommar og området for våre rettigheter blir berørt av tiltaket.

Ifølge kommuneplanen skal det i områda sett av til akvakultur ved Bjørsvik (Skårabogen) berre vere tillate med lukka anlegg og FOU-anlegg. Slik vi har forstått det utifrå tidlegare planarbeid, skal det takast omsyn til våre lakserettar ved etablering av akvakultur på Skårabogen.

Det må også takast omsyn til desse rettane i den vidare planlegginga av anlegget. Då det omsøkte anlegget berører våre eigedommar og rettigheter må vi delta i det vidare arbeidet.

Nødvendige avtalar med oss som grunneigarar og rettighetshavarar kreves klarlagt før ei eventuell godkjenning av anlegget.

Helsing

Bjarne Magnar Trefall, eigar av gnr. 229 bnr. 1

Anne Lise Fjelde Skjelvik, eigar av gnr. 229 bnr. 2